

FAU-møte 11.06.24

Tilstede:

Frå ledelsen: Kenneth Balsnes (avd.leiar 3-4 trinn), Anders Bøhn (avd. leiar 7. trinn og fungerende rektor), Anne Gry Misund (sfo.leiar).

Frå FAU: Renate Morild (5. trinn), Karina Aase (1K), Vivian Midtbø (3E), Stian Totland (4E), Veslemøy Solheim (2E), Nick Toynbee (6. trinn) Lars Leegaard Marøy (5. trinn), Anders Nyland (2K), Hanne-Lisbeth Eide (4K).

Saker frå ledelsen:

Endringar i organisering av basisfag-undervisning:

- Legge opp undervisninga i 5.-7. trinn parallelt ifht basefaga, som vil bli undervist i på same tid på heile trinnet, istadenfor at ein lærar rullerer på å undervise det same faget på alle gruppene i trinnet, kontaktlærar er ansvarleg for å undervise. Innspel frå FAU: bekymring for at alle lærarar skal undervise i alle dei tre basisfaga ifht kompetansenivå. Det er i tillegg ei bekymring for at trinna då ikkje vil bli blanda i like stor grad som før, dette gjeld særleg for trinna der Eventyrskogen og Krohnengen ikkje vart blanda ved overgangen frå 4. til 5. trinn. Ifølge ledelsen er det meiningsa at lærarane framleis skal rullere mellom gruppene, men undervisninga foregår på samme tid. Dette vil bli mindre sårbart ifht fråver og kan gi betre kontinuitet. Den læraren som har mest kompetanse innanfor kvart fag vil ha ansvar for å legge opp undervisninga..

Overgang barnehage – skule:

- Det har blitt arrangert besøksdag på sfo for skulestartarane, i tillegg til førskuledag med både foreldre og born. Dette har vore positive møte, og ledelsen har fått gode tilbakemeldingar. På førskuledagen var det lagt opp til dialogspel mellom foreldra og litt info ifht oppstart sfo. Meir informasjon om skulestart kjem på første skuledag.

Røff språkbruk blant elevar på eit av trinna:

- Avdelingsleiar har snakka med elevane og gått igjennom innhaldet i ordbruken og kva det eigentleg betyr. Det har blitt tydeleggjort at det er nulltoleranse ved skulen for denne type språkbruk. Saka er og tatt opp med fotballaget, då dette og skjer på treningar. Melding er sendt til foreldra i gruppa det gjeld, vi må sørge for at dette ikkje får utvikle seg vidare.

Varegg-hallen:

- Skulen har fått tildelt 3 timer i veka i Varegg-hallen, blir delt mellom Krohnengen og Eventyrskogen.
- Hallen vil også kunne leigast til fellesarrangement for hele skulen.

Deltaking på foreldremøter:

- Innspel fra FSAU: Kan skulen stille forventingar til foreldregruppa når det gjeld deltaking på foreldremøter? Det er til tider veldig lav deltaking – viktig å formidle at det er viktig å delta på foreldremøter for alle trinn der ein har barn, sjølv om ein føler at ein har erfaring og kjenner skulesystemet godt etter å ha hatt barn på skule i mange år. Alle trinn er ulike og det er alltid viktig at foreldra stiller opp på møta, viktig for samarbeidet med skulen og mellom foreldra i klassen og for klassemiljøet.
- Ide frå ledelsen: slå saman foreldremøte f.eks. 2. og 3. trinn, kombinere med fellesmøte om eit relevant tema med påfylgjande foreldremøte kun med trinnet. Mulig det er lurt at skulen kontaktar foreldra som ikkje kjem på foreldremøte for å gje dei informasjon. Dette kan og gje tydeleg signal om viktigheita av å stille og kan kanskje bidra til at foreldra stiller neste gang.
- FAU-styret lagar ei sjekkliste /retningslinjer for samarbeidet foreldre/skule, viktigheita av å delta, kva gjer ein som FAU-kontakt etc.
- For å lette FAU-arbeidet gjennom året: Vi lagar ei oversikt over oppgåver som krev frivillige frå foreldregruppa (for eksempel trafikkaksjon, julemarked, 17. mai)– og får dekka inn vaktene på starten av skuleåret.

Med FAU:

Evaluering 17. mai:

- Bør vi endre praksis til at eitt av trinna har ansvar for 17. mai? Fordeler og ulemper ved begge deler. Kanskje løysinga er å ha meir spikra rutiner? Kontinuitet i komiteen er ein fordel, sørge for at det alltid er med ein over til komiteen året etter.
- Erfaringar frå årets 17. mai blir oppsummert i eige erfaringsskriv og vert lagt i 17. mai mappa i FAU-driven.
- FAU bør distribuere gratis verdikupongar til barn som treng det – må distribuerast via skulen til familiarar som har behov.

17. mai-fane:

- Den planlagde fana blei dyrare enn først antatt.
- Vi sjekkar alternative løysingar for ny fane.

FAU og trinnkontakter til neste skuleår:

- **Alle må hugse å oppdatere FAU- og trinnkontakter for sitt trinn for neste skuleår i FAU-driven.**

Første FAU-møte etter ferien: Renate kaller inn til første møtet for den nye FAU-gruppa og organiserer ny Facebook gruppe for dei, slik at det skal bli lett å komme i gang igjen til hausten.

FAU takker ledelsen for godt samarbeid i år!